



200900056-16
312
KSK/OEGR

NVE
Konsesjonsavdelinga
P.b. 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn, Brattejølet kraftverk

SFE Nett ynskjer i eigenskap av regionalnettseigar og regionalt utgreiingsansvarleg for kraftsystemet i Sogn og Fjordane å gje ei kort orientering om nettilhøva i regional- og sentralnettet i samband med søknaden om konsesjon for Brattejølet kraftverk. For sjølve nettilknytninga og tilhøva i lokalt distribusjonsnett viser vi til lokal netteigar, Tussa Nett AS.

Dagens sentral- og regionalnett har ikkje kapasitet til Brattejølet kraftverk. Den samla mengda av produksjonsplanar i området er stor og nødvendige tiltak i nettet er til dels under gjennomføring, i planfase eller under utgreiing.

- Sentralnettet i området har ikkje kapasitet til meir ny produksjon. Statnett, Istad Nett og SFE Nett orienterte NVE om dette i brev datert 01.04.2009. Nødvendige delstrekningar av 420kV Ørskog – Sogndal må være sett i drift før ny produksjon kan koblast til nettet. Gjeldande framdriftsplan tilseier at dette kan skje i løpet av 2015, men tidspunktet er enno usikkert. For nærare informasjon om dette viser vi til Statnett.
- Lokal transformator mellom regional- og distribusjonsnett i Tomasgard er fullt utnytta og har ikkje ledig kapasitet til Brattejølet kraftverk. SFE Nett arbeider med planar for ny regionalnettsforbindelse frå Tomasgard til Hellesylt. Konsesjonssøknad er under arbeid. Dette tiltaket vil avhenge av bygging av ny konsesjonssøkt produksjon i Hellesylt. Når/om dette kjem i drift vil Tomasgard få frigjort tilstrekkeleg transformeringskapasitet til Brattejølet kraftverk.
- Regionalnettsledningen frå Tomasgard til Leivdal og særleg 132/66kV transformator i Leivdal har avgrensa ledig kapasitet. Det er isolert sett rom for Brattejølet kraftverk (om flaskehalsen på transformator i Tomasgard vert løyst), men langt frå nok til alle konsesjonssøkte kraftverk i området. Reinvestering og kapasitetsauke for nødvendige seksjonar av ledningen Tomasgard - Leivdal inngår som tiltak i den regionale kraftsystemutgreiinga. Tiltak for å avlaste venta flaskehals på 132/66kV transformator i Leivdal er ikkje ferdig utgreia.

Med helsing
SFE NETT AS


Kristen Skrivervik
Nettplanleggar

Sogn og Fjordane Energi AS

Bukta, 6823 Sandane
Telefon: 57 88 47 00 Heimeside: www.sfe.no
Telefaks: 57 88 47 01 Org. nr.: 984 882 092
Kundesenter: 57 88 47 47 Bankkonto: 8580.13.92356
E-post: post@sfe.no

SFE Nett AS
Org. nr.: 984 882 114
Bankkonto 8580.13.93093
Besøksadr. Hamregata 1, Florø

SFE Produksjon AS
Org. nr.: 984 882 106
Bankkonto 8580.13.93069

SFE Kraft AS
Org. nr.: 984 882 076
Bankkonto 8580.13.93662

Svelgen Kraft AS
Telefon: 57 79 61 00
Org. nr.: 986 530 649
Bankkonto: 8580.13.93182
Besøksadr.: Svelgen